

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Etne

Emne: Høgtidsmat og familiefester

Bygdelag: —

Oppskr. av: Trygve Vinje

Gard: Stordalen (øst i Etne).

(adresse): Trette.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og etterB. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ja. 2. Enkeltvis. 3. Nei 4. Vanleg to tre dagar etter fødselen

5. Ein gong.

6. Den gamle skikken var at dei kom med graut til sengekoma. Det var viss vanleg i eldgamle tid at dei kom med rjomegraut vel innpakka så han heid og varm. Smør hadde dei med, og smelte det når dei kom fram, så rekte dei det utover grauten.

8. Seng-grauten bar dei i ambar tidlegare, men i seinare tid bruka dei gjerne fat eller skåler av steinty.

9. Koma sjölv gjekk alltid med seng-grauten så sant ho kunne. Var det uråd for henne, laut ei dotter eller tenestegjenta gå.

Men ein gong var det også at mammen sjölv gjekk med senggraut:

Då koma til Halvar Engelsen (som var husmann på Waleigen i vinter garden Silde i Etne) låg på seng. Kom far hans Engel Mo med sengemat, rjomegraut koka av byggmjöl og heimebrygga öl akåt.

8513

12.50.

Engel Mo var på Gjön i Häländsdalen, Tilsa prestegjerd. Han var av gammel lensmannsstekt, kjøpte garden Mo i Etne og dreiv attåt som "byggdepotikuratur" omkring år 1800. Han er tipp-tipp oldefar min.

11. I Etne var aldri mannen med iten det var så langt eller vanskelegt å koma fram at det var nautdyrleg av den grunn.

12. Sendingsfolka fekk alltid froktering av det beste som fannst i huset. Og dei som kom etter fekk alltid smaka på sendingane som var kome for. Då måtte dei eta litt av alle grøntane

16. For ca 30 år sidan tok dei til med å koma med andre matendingar enn grønt, A. d. Kaker. Og no er det stort gjestau nokon heim med senggrønt. Men skikken å gå med eller senda eit kvart til sengkona heid seg framleis

15. Ugifte mødde gjekk dei aldri med sendingar til. Det var helder for så stor skam at gjester fekk bren, at ingen ville heida dei med noko sending.

17. Det hente at konene hadde ei sending med til dei nysjette, A. d. eit klepplegg o. l.

18. Det er ikkje vanleg no heller at dei som kjem med sending, har noko med til dei nysjette, utan dei som er i næraste slekte.

19. I gammel tid var det gjestebod for fadrane og dei aller næraste. Dette kalle dei "fadratalag". Når dei kom

3  
 att frå kyrkja, jekk dei litafast med  
 hardt brød og smør til og myllkesupa  
 altit. Skinton hadde dei drave. Brødmal til kveld

20. Fadragsdag.

21. Fadrene la penger på vogga til døpsbarnet.

Oftast 1/2 dalar. Men somme gav også 1 dalar.

Andre gav kleplagg av ymst slag A.d.  
 silkeplagg.

22. Dei gav Altv som dei hadde råd til,  
 men koma som bar barnet, gav gjerne  
 mest.

23. Det har helst vore slik her at fadrene  
 gjev ei gave til konfirmasjonen.

### B. Fødselsdag.

24. Det var ikke gjort noko stas av fødsels-  
 dagane før. Brita Frette, 83 år, fortel som  
 eit ungsyn at faren, Lars Vinje, kom med  
 nokre kavringer han hadde kjøpt til  
 fødselsdagen til eldste dotter si, Marie;  
 ein gang.

25. Vokstne med fødselsdag berre ved runde  
 tal, A.d. 50 år o.s.v.

26. Før kom ingens utbedne, men i den  
 seinare tid er det ofte at dei fleste  
 kjem utbedne for å ynskja Ailittukka.

27. Både betne og utbedne gjerne har  
 gaver med.

29. Blåttkake og sjokolade er vanleg i  
 alle fødselsdagslag for born. For  
 voksne er det vanleg matstell.

### C. Konfirmasjon.

For folket i Stordalen: Etne som har sin  
 lange kyrkelyveg, var det vanleg i eldre

tider, at foreldre og konfirmantene reiste til skole eller venter nok kyrkje laurdagen før konfirmasjonen og var då gjerne på viking hjå ein eller fleire til måndagen då konfirmantane gjekk til altene. Først måndag kveld kom dei heim att.

Slektingane skipa det festleg til i slike høve. Og det lystest slik at dei som kom, var velkomne. Seinare A. d. Sommaren eller, kom gjerne desse slektingane på viking i konfirmantane sin heim. Dei var alltid berne om det under konfirmasjonen.

31. No bilar folk til kyrkje, og alle heid konfirmasjonslog. Dette kom helst i bruk i den siste tid (dei 20-30 siste åra).

Først bod dei skole og fadder.

Men no har det like slik overhand at konfirmasjonsloga er mest som brudekapslog med matrett og gaver.

33. Fadder og slektingar gav til vanleg ei gave til konfirmanten.

34. No gjev både berne og uberne gaver

35. No er det middag - kaffi og kuelbrot i konfirmasjonsloga.

#### D. Brudekaps

36. Det finst ikkje mynnely brudekaps om festaröl, men i skriftlege kjelder er det nemnt fleire gonger.

37. I gamle tid, varte eit brudekaps 2-3 dagar. Til bord-dükar brukte dei åklede som låg på borta heile tida. Og det var visseleg praktisk, for etter slike brudekaps, ville nok kvite dükar vorte noko mørke i løpet.

38. Vertsfolka karyggja og bake og skipa

til så godt dei kunne, m. a. måtte dei ofte slakta. Middagsmat måtte alltid vertspjellat syta for, men gjestene kom alltid med sendingar av ymse slag. T. d. drøyle, smør, ost og ofte mjølk.

For ca 50-60 år sidan kom dei oftast med store bakerbrød som sendingar.

a. Det vanlege var 4 milteder i ut brudlaup.

b. Trikkel sepe og koke påsmund og med tjukk skiver av søtost vart laagd i høge lod på tinjal og Arestettar som stod tett på langborda. Til drikk attåt brukte dei öl, drøyle eller kaffe i dei siste maunsaldane - og lutefisk attåt. Til middag brukte dei alltid finker med brød og poteter med öl til og gjerne drøyle.

Konsmat som til finkent.

Kveldsmat langt ut på natta var oftast grønt, brunegrønt.

d. Siste miltet for gjestene for heimatt var ofte mjølkesupe, som også vart kalla jagesupe - for å minne om at no var gjestebotel slutt - og gjestene skulle jagest heimatt.

40. I gamle tider knodde dei smør med i former med fint krot når dei skulle ha det med til gjestebotel.

42. Det lyttest slike at "fodner" er eldre nemninga på sendingemat. Men seinare kalla dei det "leytingar".

43. Husonora - og husbonden kom med sendingane når dei kom til gjestebotel

dersom det var mat som var ferdig til å setje på bordet A. d. dravle. Men mykje smør og ost som dei trøng for, vart send til gards kvelden før. Dei som kom med sendingane, fette alltid traktering 45. Det var ikkje sendt nokk smørkake heimatt så

46. Då gjestebudet var slutt, la klevakone matelinger i amberar og spann.

„Reidkoner“ har og høyrd gamle folk seft, men seinare vart dei kalla „klevakoner“.

47. No varu brülaupa til vanleg i døgen, men oftast slik at dei norske grannar og slektningar ut. ledne tilbake til middag og koffi andre dagen.

48. No had mange brülaup på hotell.

49. Det er sjeldan nokon gifter seg utan å helta brülaupsleg.

50. I gamle tid var skikken slik at andre brülaupsdagen sette brü og brügom seg for högabordsindur i sin fülle stas.

Og så var det sett i tom ølskål framfor dei som gjestene la pengene i. Dette kalle dei „skålabrülaup“.

## Graväl

52. Slekt og folk i grenda var beite.

Greidene var ein fast skipnad med visse grenser. Denne skipnaden er

svart gammel, og ein kjemmer ikkje opphavet til ordninga. Men det ser ut

for at det er gjort slik for å få høvedes mange folk i kvar greid. Det

trøngst nemleg ein del beite kvinnfolk

og mannfolk på grunn av skipnoter  
med matsendingar og matstell m.v.  
og som hestekarar eller mannskap på  
kyrkjebåtane. Og likeins var det bruk  
for god mannfolkhjelp den tid gravferd-  
fylgjet grov grava og fylte jord på  
isjun. Var det steinut eller frosne jord,  
var dette arbeidsamt.

54. Matstellet var som i brudlaup

57. Gravidet var hude heime også den  
det var liten plass. Matstellet var  
enkelt når det var fattigfolk som held  
laget. I gravidet til husemannen Tore  
Klakken på garden Skjold felle folk  
bære hagleta når dei kom att frå kyrkja.  
(Hagleta = sprengt sur mjølk)

58. Skipnoter med sendingar som i  
brudlaup

61. Det var likt med matstell for gifte og ugifte

62. Den skikken at dei nådde samlet andre  
dagen er vel ei slik overgangsform  
som enda er i bruk her.

63. ~~Søndag~~ Dei kjøpte dei Ånnestøl  
(krusid) som var nok så vekt.

65. Ofte kaffi og mat når folket samlast.  
Middag eller dei kjem frå kyrkja -  
Eftermiddagskoffi med smørbrød og kaker  
Kveldsmat.

Men i det siste er dette meir og meir  
vorte innskrenke såleis at gjestene berre  
får middag eller kyrkjeferda og så  
koffi og mat utpå kvelden.

Mange brukar öl til middagen (Bayr eller Pils)  
Eim del brukar bris og saft eller anna  
alkoholfritt drikke.

67. stundom

68. Skuffelig innbygdning med bene mykta stier dei som blir langt vekke.

69. For ca 20-30 år sidan.

F. Nye festar

71. Morsdagen vert ikkje feira på annan måte enn at dei kaurkje dagen i blautkake deira til den dagen. Og elles har borna gjerne på seg å oppvarte mor den dagen - og gjev henne jans ein liten ting.

72. Fars dagen er det ikkje så mykje stas med, men ei blautkake kan det likevel vanka.

Folk samtaler seg helst desse dagane som er påfinner frå å auka omsynet av konditorvare.

75. Gjennom avisene.